



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	20.11.2017

Arkiv og sakssystem for prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Det vil i prosjektperioden for Nye Øygarden kommune, fram til samanslåing 01.01.20, bli skapt dokumentasjon som må arkiverast og som vil vere bevaringsverdig for ettertida. Fellesnemnda må difor i denne saka gjere vedtak om val av arkiv og sakssystem for prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune.

Fjell kommune sitt sakssystem Ephorte har inn til vidare fungert som arkiv og sakssystemet for Nye Øygarden kommune. Det vart oppretta ein eigen arkivdel i sak/arkivsystemet til Fjell kommune i tråd med rettleiar utarbeidd av SAMDOK, eit samarbeidsprosjekt i regi av Riksarkivaren. Denne løysinga vart nytta av praktiske omsyn slik at prosjektleiar og hans stab kunne komme raskt i gang med saksbehandling fram mot konstituering av fellesnemnda i møtet 02.10.17. Det vert også anbefalt i rettleiaren å delegere arkivansvaret til ein arkivleiar. Delegasjon av arkivansvaret er knytt til kven sitt system som vert valt.

Prosjektleiar tilrår å halde fram med ordninga kor Fjell kommune er vertskommune for arkiv- og sakssystemet og kor Fjell kommune sin arkivleiar får delegert ansvaret for arkivet til prosjektorganisasjonen. Det vil vere det minst ressurskrevjande alternativet.

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner at Fjell kommune er vertskommune for arkiv og sakssystemet som Nye Øygarden kommune skal nytte i prosjektperioden. Fjell kommune sin arkivleiar får ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv.

Straume, den 26.10.2017

Paul J. Manger
Prosjektleiar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda godkjenner at Fjell kommune er vertskommune for arkiv og sakssystemet som Nye Øygarden kommune skal nytte i prosjektperioden. Fjell kommune sin arkivleiar får ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv.

Dokument vedlagt saka:

Lenke til Kommunereform – rettleiar i dokumentasjonsforvaltning og arkiv:

<http://www.kommunereformarkiv.no/veileder/ii-2-etablere-arkiv-for-prosjektorganisasjonen-interimkommunen-i-sammenslåingsfasen/>

Saksopplysningar:

Prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune vil i perioden fram til kommunesamanslåinga 01.01.20, skape dokumentasjon som skal journalførast og arkiverast. Mykje av denne dokumentasjonen vil også vere bevaringsverdig for ettertida.

Prosjektorganisasjonen sitt arkiv skal haldast fråskilt arkiva til dei 'gamle' kommunane og arkivet til den nye framtidige kommunen. Fellesnemnda skal i denne saka godkjenne ei løysing for kva arkiv og sakssystem organisasjonen skal bruke i prosjektperioden.

I ein rettleiar utarbeidd av SAMDOK, eit samarbeidsprosjekt i regi av Riksarkivaren for å sikre samfunnsdokumentasjon frå kommunal, statleg og privat sektor, er det gitt rettleiing om arkiv og dokumentforvaltning for kommunar som planlegg kommunesamanslåing. Der står det at det er viktig at det vert etablert eit nytt felles arkiv for kommunane som skal slå seg saman parallelt med at prosjektorganisasjonen vert etablert. Dette kan f.eks. gjerast ved at det vert oppretta ein eigen base eller arkivdel i sak/arkivsystemet til ein av kommunane som skal slå seg saman. Ein av arkivleiarane i dei kommunane som skal slå seg saman, bør få delegert ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv.

Fram til i dag har Fjell kommune fungert som vertskommune for det arkiv og sakssystemet som til no er nytta i prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune. Dette vart gjort for at prosjektorganisasjonen og prosjektleiar skulle komme raskt i gang med sitt arbeid utan å miste noko av den relativt korte tida han har til rådighet for å få på plass Øygarden kommune 01.01.2020. Det første møtet i fellesnemnda 2. oktober gjorde det nødvendig å få eit arkiv, sak og møtebehandlingssystem på plass i byrjinga av september.

Fjell kommune har gjort som det vert føreslått i rettleiaren, å opprette ein eigen arkivdel i det eksisterande arkiv- og sakssystemet. Dette er det rimelegaste og minst ressurskrevjande alternativet.

Det vert også anbefalt å delegere ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv til ein arkivleiar. Arkivleiar må vere frå same kommune som arkivsystemet som vert valt. Det vil ikkje vere mogleg å gje ansvaret til ein arkivleiar som ikkje har mynde og kunnskap i høve til det systemet som vert valt.

Vurdering:

Prosjektleiar tilrår at halde fram med det systemet som allereie er sett i drift og at Fjell kommune sin arkivleiar får delegert ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv. Systemet som Fjell kommune nyttar, Ephorte, har fungert greitt i denne innleiande perioden for Nye Øygarden kommune, og prosjektleiar ser ikkje nokon grunn til å bruke ressursar på å opprette og sette i drift eit nytt delarkiv i Sund eller Øygarden.